



TRAFIKKSIKRINGSPLAN TOKKE KOMMUNE 2019 - 2022

Plan, næring og teknisk etat

Vedteke i kommunestyret 18.12.2018

FØREORD

Trafikksikringsplanen for Tokke viser kva område og tiltak det skal satsast på dei næraste 4 åra. Målet med ein kommunal trafikksikringsplan er å auke kommunen sin innsats i trafikksikringsarbeidet.

Kommunal trafikksikringsplan er ein føresetnad for å få statleg støtte til planlegging og gjennomføring av trafikksikringstiltak.

Tiltak på trafikksikring kan vere:

- Organisatoriske tiltak (tiltak som endrar styremaktene si interesse av og kontroll over trafikksikringstiltak).
- Tiltak på vegnettet (kommunale vegar, fylkesvegar og riksvegar).
- Haldningsskapande arbeid (trafikkopplæring barnehage, skule, helsestasjonen mv.)
- Kontroll og overvåking (fart, alkohol)
- Andre relevante og avbøtande tiltak (tiltak utanfor tradisjonelle trafikksikringsarbeid).
- Administrative tiltak (budsjettmessige konsekvensar).

Planstrategien for Tokke kommune 2019 – 2022 har prioritert arbeidet med trafikksikringsplanen. Utviklingsutvalet har eit særleg ansvar for å fylgje opp trafikksikringsarbeidet i kommunen gjennom si rolle som kommunen sitt trafikksikringsutval.

INNHALD

FØREORD.....	1
INNHALD.....	2
1. INNLEIING	3
2. OVERORDNA MÅL OG STRATEGIAR	4
3. TRAFIKKBILDET – TAL PÅ ULYKKER 2007-2016	5
4. MÅL OG SATSINGSOMRÅDE FOR TRAFIKKSIKRINGSARBEIDET I TOKKE..	7
4.1 Hovudmål	7
4.2 Delmål	7
5. INNSATS MOT ULYKKER.....	8
5.1 Organisatoriske tiltak.....	8
5.2 Tiltak på vegnettet	8
5.3 Kontroll og overvakingstiltak.....	8
5.4 Opplæring og haldningsskapande arbeid	9
6. PRIORITERTE FYSISKE TILTAK FOR PERIODEN 2019 - 2022	10
6.1 Prioritering av tiltak i perioden.....	15
6.2 Ikkje prioriterte tiltak i denne perioden:	16

1. INNLEIING

Trafikksikringsplanen for Tokke kommune skal være eit arbeidsreiskap for både politikarane og administrasjonen. Trafikksikringsplanen er eit dynamisk dokument som skal brukast aktivt i det daglige arbeide for å skape tryggleik i trafikken.

Fartsnivå og fysisk utforming av veg- og trafikksystemet har stor tyding for trafikktryggleiken. Viktig er også målretta opplærings- og informasjonstiltak, i tillegg til overvaking og kontroll. Særleg viktig er det at sikringskrav blir ivareteke ved val av løysingar i samband med fysisk planlegging.

I Tokke kommune er det viktig å prioritere skulevegen og strekningar der fotgjengarar ferdast. Her må det vurderast fysiske og førebyggjande tiltak. I praksis vil dette i stor grad tyde både ei førebygging og ein reduksjon av syklist- og fotgjengarulykker, i tillegg til kryss-ulykker.

2. OVERORDNA MÅL OG STRATEGIAR

Stortinget har i Nasjonal transportplan 2013 – 2023 "ein visjon om eit transportsystem som ikkje fører til tap av liv eller varig skade" – Nullvisjonen.

Nullvisjonen vert følgd opp gjennom tiltak i dei årlige statsbudsjetta.

Areal- og transportplan for Telemark (2015 – 2025) følgjer opp nullvisjonen som overordna mål, i tillegg til at dei har eit mål om at alle kommunar i fylket skal vere sertifisert som «Trafikksikker kommune» innan 2025.


Som vegeigar har fylkeskommunen eit ansvar for standard på drift og vedlikehald på fylkesvegnettet, samt eit ansvar for å søke trafikksikringsmessig gode løysingar på nye fylkeskommunale vegprosjekt. Desse oppgåvene blir gjort i samarbeid med Statens vegvesen.

ATP for Telemark har følgjande mål og strategiar for trafikksikringsarbeidet:


1. 0-visjonens delmål: Det skal maksimalt vere 19 drepte og hardt skadde i vegtrafikkulukker i Telemark i 2024.
2. Redusere talet på utforkøyringsulykker med drepte og hardt skadde med 15% innan 2019 og 38% innan 2024.
3. Antal ulukker med mjuke trafikantar skal reduserast med 15% innan 2018 og 38% innan 2024.
4. 50% av kommunane sertifisert som «trafikksikker kommune» innan 2019.

3. TRAFIKKBILDET – TAL PÅ ULYKKER 2007-2016


Dei siste 9 åra har det til saman vore 63 ulykker i Tokke. Følgjene av dette var 78 personskader av ulik alvorlighetsgrad, men 2 var med døden til følge. Ulykker utan personskader er ikkje med.



Kjelde: vegkart.no



Kjelde: vegkart.no



Kjelde: vegkart.no

4. MÅL OG SATSINGSOMRÅDE FOR TRAFIKKSIKRINGSARBEIDET I TOKKE

4.1 Hovudmål

- Ingen døde eller hardt skadde i trafikkulykker i Tokke kommune
- Tokke skal få status som «trafiksikker kommune» i løpet av planperioden

4.2 Delmål

- Auke trafikktryggleiken ved kollektivknutepunkt og i område kring skular og barnehagar og langs skuleveggar i Tokke.
- Skape trygge trafikktilhøve for mjuke trafikkantar generelt, slik at flest mogleg velger å gå eller sykle til skule og jobb
- Auke kunnskapen kring trafikktryggleik i Tokkesamfunnet, med særleg fokus på born, unge og føresette

5. INNSATS MOT ULYKKER

5.1 Organisatoriske tiltak

- Årleg møte mellom kommunen, Telemark Fylkeskommune og Statens vegvesen.
- Oversending av aktuelle innspel til Statens vegvesen kontinuerleg, særleg retta mot skulekyss
- Integrere trafikksikringsarbeidet i andre planar; læreplanar, temaplanar osv.
- Aktivt arbeid i samband med ATP og årlege handlingsprogram

5.2 Tiltak på vegnettet

- Vegljøs. (Statens vegvesen gjer Tokke kommune merksame på at enkle ljospunkt ikkje er å regne som trafikksikringstiltak)
- Sikring av kryss for fotgjengarar og syklistar
- Spesialskilting (leikande born, skule, barnehage)

5.3 Kontroll og overvakingstiltak

- Dialog med Statens vegvesen årleg med omsyn til tiltak langs fylkesvegane – trafikksikrings – rapport, rassikring, autovern, usikre fyllingar m.m.
- Kontroll ved skuler og barnehagar, sikring av born i bil
- Tiltaket med sykkelprøva i skulen vert vidareført.

5.4 Opplæring og haldningsskapande arbeid

- Helsestasjonen delar ut informasjonsmateriell om sikring av barn i bil. Dette er eit viktig tema på foreldremøte, og sikring av barn i bil blir også teke opp i barselgrupper. Det blir dela ut refleksar til 1. og 2. klassene.
- Trafikkopplæring i barnehagen: Trafikkvennen Tarkus, info til foreldre, bruk av refleksvestar på både barn og vaksne som er ute på tur, samt litt trafikkopplæring undervegs og barnas trafikkklubb.
- Trafikkopplæring i grunnskulen: Trafikkopplæring er integrert i samfunnsfag (småskulen), sykkelsertifikat i 4. klasse. Kvar vår, i samarbeid med skule og politi deler helsestasjonen ut sykkelhjelmar.
- Utlevering av gratis fargerike sekkar og refleksvest til fyrsteklassingane, refleksbruk. 10. klasse har trafikkalt grunnkurs som valfag. Samarbeid med foreldre om trafikktryggleik ved levering av bor. Bussvakt morgon og ettermiddag.
- Vest-Telemark Vidaregåande Skule har kvar vår ein trafikksikkerhetsdag i samarbeid med Statens vegvesen, politiet, brannvesen, ambulanse og helsesøster. Da er det førelesningar om lov og orden, sikker køyring, og førebyggjande tiltak samt praktiske øvingar som «bråstopp», promillebriller, brannsløkking og fyrstehjelp samt rekonstruksjon av ei «trafikkulykke». «Sei ifrå» er ei årleg kampanje der føremålet er å få fleire til å sette grenser for kva dei ønskjer/ ikkje ønskjer å vere med på i trafikken, for alle VG 2 elevane. Vest-Telemark Vidaregåande arrangerer også kurs som fører fram til førarkort for snøskuter (klasse S).

6. PRIORITERTE FYSISKE TILTAK FOR PERIODEN 2019 - 2022

Trafikksikringsplanen engasjerer innbyggjarane i Tokke, og det har kome mange gode innspel til planarbeidet. Desse er innarbeida i tiltakslista saman med nokre innspel som ligg att frå tidlegare planperiodar.

Gjennomføring: Større tiltak vert prioriterte ved politisk handsaming, og mindre tiltak vert prioritert administrativt. Svært mange av tiltaka ligg lang fylkesvegar, og her er det naudsynt med eit godt samarbeid mellom Telemark fylkeskommune som vegeigar, Statens vegvesen og Tokke kommune.

Statens vegvesen har gjennomført ein TS-inspeksjon på FV-45 gjennom Dalen, og fysiske tiltak blir gjort fortløpande.

- 1. Fartsdempande tiltak sentrum, Huvestadvegen, Buøyvegen, Gullkopp**
Framlegg om investeringssum på fartsdempande tiltak, fartsdumpar, skilting m.m. Dette må vurderast særskilt for kvart område i høve til type sikring og omfang på tiltaka. Ny skilting må gjennomførast etter at TS – planen er vedteken, i eigen skiltplan. Det bør inn ein årleg sum i budsjettet til trafikksikringstiltak.
- 2. Sikringstiltak, langs kommunale vegar**
Dette gjeld autovern, erosjonssikring langs elvar, evt utviding av rør/ grøfter o.l. på grunn av meir ekstremver. Kostnad 1000,-/m. Autovern langs Dalåi i Modalen bør prioriterast med autovern og erosjonssikring. Froland er òg aktuell. Det bør setjast av kr 100 000,- i årlege midlar til sikringstiltak langs kommunale vegar i ein 4 – årsperiode.
- 3. Fv 806 Mo – gateljos frå bru til badeplass:** 200 meter, kostnad omlag 200 000,-. Vi meiner tiltaket ikkje kan prioriterast i perioden. Sjå elles tiltak 3 – gateljos Austheia i høve til tiltak langs fylkesvegane.
- 4. Gateljos, busshaldeplass Krossli:** Burde prioriterast høgt, og er alt spela inn til vegvesen som tiltak, det er i utgangspunktet deira ansvar. Innspel om skulerutene høyrer ikkje til TS – plan.

5. **Gateljos Austheii - innspel om 2 km:** Ligg inne 200 000,- i gjeldande investeringsbudsjett for 2018. Budsjettet er nok til omlag 200 meter (6 ljospunkt) med gateljos om vi legg luftstrekk. Viss det skal leggjast i jordkablår, må budsjettet opp. Vi har ikkje hatt kapasitet til å starte arbeidet, og har òg vore usikre på om løyvinga er tilstrekkeleg for å gjennomføre tiltaket innanfor vegvesenet sine rammer: Statens vegvesen må godkjenne prosjektering anlegget, slik at det blir bygd etter deira normer. Dersom vi tek investeringa, overtek dei drifta av eit godkjent anlegg.
6. **FV 806 Byrte – Brotet (v/ Vinjerui):** Ynskjer gateljos der ungane ventar på bussen. Vegvesene er negative til enkelt – ljospunkt. Vi meiner det ikkje kan prioriterast, men kan sjå på evt fysiske tiltak saman med vegvesen.
7. **Fv 45 – Høydalsmo skule, fotgjengarfelt med ljøs og skilting:** Dette er vurdert av vegvesenet fleire gonger. Det er opphøgd gangfelt her i dag, og 40 km/t – grense. Ny asfalt blir lagt nå, og kommunen kan gjere nye innspel om tiltak i samband med dette, slik som merking av felt og ljøs.
8. **FV 45 – GS – veg langs Eidsborgvegen til Høydalsmo skule:** Det har ved fleire høve vore planar om GS – veg langs Eidsborgvegen, ei prioritering som høyrer til i overordna Areal- og transportplan ATP, men som ikkje er prioritert. Dersom kommunen ynskjer å framskunda/ prioritert tiltaket, kan vi gå i dialog med vegvesenet i høve til forskotering. Vi rår ikkje til dette, men at tiltaket blir jobba aktivt med i arbeidet med revisjonar av ATP.
9. **E134 – Høydalsmo, GS – veg frå vest**
Skuleskyss her i dag. Statens vegvesen sitt ansvar, men kommunen kan gå i dialog med vegvesenet i høve til forskotering av midlar. Vegvesenet må då prioritere tiltaket i sine planar. Vi meiner dette ikkje kan prioriterast i denne perioden.
10. **Gateljos Hakesflot og Huvestadlia:**
Feltet Huvestadlia er bygd ut i privat regi. Kommunen har teke over ansvaret for drift av veg og anlegg. Stipulert kostnad for 300 meter strekning med gateljos: 300 000,-. Bør prioriterast, sentrumsnært, mange bebuarar som har etterspurt tiltaket i lang tid.
11. **Fv 809 Fartdump ved innkøyring Åmdals Verk skule:** Vi meiner dette ikkje kan prioriterast, at trafikkmengd og fartsgrense avgrensar risiko for ulykker her. Innkøyring med av/ påstiging buss ligg i ei «rundkøyring» noko som vi meiner situasjonen her er oversikteleg og trygg.

12. Buss – skur Åmdals verk

Buss – skuret er sett opp i regi av Åmdals Verk Vel. Vi meiner at kommunen ikkje har ansvaret for dette, og at ei overtaking av dette ikkje kan prioriterast.

13. Fv 45 Skafsåberget og Eidsborgberget, skilting og fartsreduksjon.

Mange tiltak blir utført konkret for desse stigningane nå. Vi har jamn kontakt med vegvesenet om desse, og dei vurderar situasjonen her jamleg. Vi tilrår ikkje nye tiltak utover det som blir gjennomført nå, med skilting, kjettingbyteplassar m.m.

14. Fv 45 Dalen v/ YX, av/ påstiging, kryssing av veg: Ligg inne som eige tiltak i TS – rapport til Statens vegvesen. Tiltak kjem til å bli gjennomført her i nær framtid.

15. Tokke skule – VT VGS, parkering, av/ påstiging: Eige prosjekt for trafikkavviklingsplan her er sett i gang. Dette kjem som eigen sak i slutten av 2018, evt i 2019. Fleire tiltak aktuelt.

16. Fv 45 ved Elvarheim, kryssing over vegen: Bør prioriterast høgt.

Vegvesenet kan opprette «tilrettelagt kryssingspunkt». Kan spelast inn til vegvesenet som særskilt TS – tiltak.

17. Brannstasjon Dalen, P – plass: Skilting P – forbode. Må leggjast i skiltplan. Prioriterast, låg kostnad.

18. Trafikksikringstiltak kring Dalen Barnehage: Gjeld mange tilhøve; ljossetting, tilkomst mjuke trafikkantar/ GS – veg, uoversikteleg, skilting, treng fartsdempande tiltak på vegen ned til barnehage, kryssingspunkt Fv 45 er dårlege m.m. Noko tiltak er alt gjort her, særleg i avkøyringa frå FV 45. Fartsgrense på denne strekningen er 40 km/t. Vi meiner i hovudsak forholda kring barnehagen fungerer greit, men ser at visse ting kring tilkomst ikkje er optimal. Her bør det i så fall sjåast på ein heilskap, t.d. ved revisjon av reguleringsplan Dalen. Skilting til barnehagen kan takast med i arbeidet med skiltplanen. Dårleg uteljos på barnehagen kan sjekkast ut og evt byttast ut med sterkare ljospærer.

19. Bygdevegen i Eidsborg: 40 km/t – skilt + «born leikar»: Prioriterast, men skilting må godkjennast i skiltplan.

- 20. Gateljos Fv 45 ved Åsland – Dalen:** Bør prioriterast. Mykje trafikk, mørk og uoversiktleg. Nær skule og sentrum. Omlag 700 meter, kostnad stipulert til 400 000,- med jordkabel. Ljossetting her vil vere med å synleggjere at ein nærmar seg ein tettstad/ sentrum, og kan vere med å dempe farten på trafikken som kjem inn i 60 – sona ovanfrå «Berget».
- 21. Fv 806 Mo, gateljos grendehus – Jarbrend:** Lite behov, kan ikkje prioriterast.
- 22. Byrte, forlengje GS – vegar:** Lite behov, kan ikkje prioriterast.
- 23. Byrte – forlengje gateljos i begge endar av grenda:** Lite behov, kan ikkje prioriterast.
- 24. Fv 806 Ljospunkt i Mo:** Skifte ut ljostmast, overføre drift til vegvesen. Statens vegvesen vil ikkje overta einskildpunkt. Dette gjeld mange einskildpunkt i heile kommunen, som er dyre å drifte for kommunen.
- 25. Fv 45 Holtebru – leskur:** Vegvesenet er kontakta og vil vurdere løysingar for å betre forholda for av/ påstiging. Slike tiltak blir vurdert kontinuerleg, og kommunen kan sende inn innspel/ ha jamleg dialog med Statens vegvesen.
- 26. Høydalsmo barnehage, Lårdal – fleire ljospunkt, samt læskur:** Lite behov, kan ikkje prioriterast.
- 27. Fv 45 Dalen, utkøyting Huvestadveg:** Tiltak er alt gjort (TS – rapport SVV)
- Betre utkøyting Dalen bryggje:** Bør prioriterast. Ansvar – Statens vegvesen. Dialog Statkraft? Må spelast inn i arbeidet med ATP og årlege handlingsprogram.
- 28. Rassikring Fv 806 Byrte**
- Statens vegvesen vurderar dette kontinuerleg, og om tiltak som er iverksett fungerer. Vi rår til eit møte med Statens vegvesen om situasjonen i haust.
- 29. Fv 38 Forlenging av GS – veg Gullkopp – Vistad bru 800 m**
- Innspelet er alt teke med i høyringsuttale til handlingsprogrammet til ATP 2019 – 2022, tilleggslista. Vi rår til at GS – vegen blir regulert inn i samband med ending av reguleringsplan Dalen.

- 30. GS – veg Huvestadodden, gangbrua:** Vi meiner dette ikkje kan prioriterast. Fartsdempande tiltak og skilting på Huvestad skal vurderast jfr pkt 1.
- 31. GS – veg Fv 38 Krossli – busshaldeplass:** Vi meiner strekningen er oversikteleg og at behovet for GS – veg er lite. Tiltaket er ikkje foreslege prioritert.
- 32. GS – veg ved Dalen bryggje:** Dette bar takast med i arbeidt knytt til endring av reguleringsplan Dalen, der det blir sett i samanheng med fleire arealforhold.
- 33. Fv 45 Nedsett fartsgrense til 40 km/t frå Tønsbergkrysset – Dalen bru:** Vi meiner at dette ikkje skal vere nødvendig dersom andre tiltak i planen blir fylgd opp, slik som løysingar for mjuke trafikkantar ved skule/ VGS, m.m.

6.1 Prioritering av tiltak i perioden

Summane gjeld kommunal del. Tilskot/ aksjon skulevegmidlar kjem i tillegg.

NR.	TILTAK	SUM	2019	2020	2021	2022
1.	Gateljos 200m Austheii, luftstrek.	500 000,-	500`			
2.	Sikringstiltak, autovern mm	400 000,-	100`	100`	100`	100`
3.	Kryssing Fv 45 ved Elvarheim – innspel SVV	Innspel*)		X		
4.	Strekning Holtebru langs FV 38 til Bilstad avkøyring og gjennom Skafså sentrum, særleg av/ påstigning skulebarn.	Innspel	X			
5.	Gateljos Fv 45 Åsland – Tønsbergkrysset 700 m	700 000,-			700`	
6.	Fartsdempande tiltak Dalen sentrum, inkl. skiltplan og skilting	200 000,-		100`	100`	
7.	Gateljos Hakesflot/ Huvestadlia	300 000,-			300`	
8.	Krossli busshaldeplass – ansvar SVV	Innspel	X			
9.	Kryssing Fv 45 Høydalsmo skule – ansvar SVV	Innspel	X			
10.	Skilting av bygdevegen i Eidsborg			X		
11.	E134 GS – veg frå vest, Høydalsmo	Innspel				
12.	Skilting brannstasjon Dalen			X		
13.	Skilting + ljøs Dalen Barnehage. Vurdere ytterlegare tiltak i reg.plan.			X		
14.	Utkøyring Dalen bryggje – SVV	Innspel				
15.	Møte med TFK og SVV**)		X	X	X	X
16.	Vurdering av situasjonen i høve til rasutsette strekk på Fv 806 Byrte		X			
17.	Fv 38, forlenging av GS – veg Gullkopp – Vistad bru	Reguleringsplan		X		
18.	Vurdering av GS – løysingar ved Dalen bryggje	Reguleringsplan				

*) Kommentar med «Innspel» seier at tiltaket må spelast inn til vegstyresmaktene, enten i planprosessar (ATP med handlingsprogram) eller einskildvis, gjerne i samband med dei årlege møta.

***) SVV – Statens vegvesen TFK – Telemark fylkeskommune

6.2 Ikkje prioriterte tiltak i denne perioden:

TILTAK
Gateljos vidare 1600m Austheii, luftstrek
Fv 806 Mo – gateljos badeplass
Fv 806 gateljos v/ Brotet i Byrte Må plasserast vekk frå vegen/ lagast eigen plass
GS – veg Fv 38 i Krossli
Fv 809 Fartsdump, innkøyring Åmdals Verk skule
FV 45 GS – veg langs Eidsborgvegen til skulen, Innspel til ATP
Buss – skur Åmdals Verk
Fv 806 Gateljos grendehus Mo - Jarbrend
GS – veg Huvestadodden
Fv 45 Nedsett fartsgrense Tønsbergkryss – Dalen bru

Planen er retta etter vedtak i kommunestyret 18.12.2018.